

HALVÅRSRAPPORT 2020

SOGN OG FJORDANE ENERGİ AS



SFE

Halvårsrapport 2020

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) oppnådde eit resultat etter skatt i første halvår i 2020 på 140 mill. kr. Resultatet er 136 mill. kr svakare enn for 1. halvår i fjor. Den kraftige reduksjonen i kraftprisar frå 1. halvår 2019 til 1. halvår i år er hovudgrunnen til det svekka resultatet. Kraftprisen i NO3 i 1. halvår var 10,9 øre/kWh, ein reduksjon på 28,8 øre/kWh eller 73 % frå 39,7 øre/kWh 1. halvår i fjor.

Konsernet

SFE-konsernet sine hovudforretningsområder er kraftproduksjon, nett og kraftsal. Konsernet SFE består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde dotterselskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, SFE Nett AS, SFE Kraft AS, Trolleskjæret Næringsbygg AS, Lutelandet Energipark AS og Bremangerlandet Vindpark AS. Dotterselskapa Svelgen Kraft Holding AS og Svelgen Kraft AS, som er eigd 56% av SFE Produksjon AS inngår også som ein del av SFE-konsernet. Fossheim Energiverk AS, Innvik Kraftverk AS, Etrygg AS, Gloppen Energi AS, Falck Renewables Vind AS og Eninvest AS er tilknytta selskap til konsernet.

Eigarsamansettinga i Sogn og Fjordane Energi AS er slik:

Sogn og Fjordane Holding AS:	49,5 %
BKK AS:	36,8 %
6 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord:	13,7 %

Rekneskapen for SFE er avlagt etter IFRS-reglane.

1. halvår 2020

Rekneskapen for 1. halvår 2020 viser eit overskot for SFE-konsernet på 140 (276) mill. kr etter skatt (tal for 1. halvår 2019 i parentes).

Gjennomsnittleg kraftpris 1. halvår i NO3, var 10,9 øre/kWh. Til samanlikning var gjennomsnittleg pris 1. halvår i fjor 39,7 øre/kWh. Kraftproduksjonen 1. halvår var 937 GWh (868 GWh). Nettoinntekta frå sal av kraft er redusert med 173 mill. kr samanlikna med fjoråret. Urealiserte verdiendringar på kraftkontraktar aukar inntektene med 94 mill. kr. I 1. halvår 2019 gav endring i urealiserte verdiendringar på kraftkontrakter 100 mill. kr i auka inntekter. Dette er periodiseringseffektar og ved prisoppgong vil den rekneskapsmessige effekten bli den motsette av effekten for 2019 og 2020. SFE

prissikrar delar av framtidig kraftproduksjon i den finansielle marknaden. Dette gjer at oppnådd kraftpris første halvår er om lag den doble av kraftprisen på 10,9 øre/kWh i 1. halvår. Utan denne prissikringa ville resultatet vore langt svakare.

Transportert mengde i nettet var 396 GWh. Dette er uendra frå 1. halvår 2019. SFE Kraft har levert 321 GWh til kundar i sluttbrukarmarknaden. Dette er ein reduksjon på 92 GWh samanlikna med i fjor. Årsaka til reduksjonen er bortfall av nokre store næringskundar. Konkurransen i sluttbrukarmarknaden er svært stor og marginane er pressa.

Nettverksemda har eit driftsresultat 1. halvår på 27 mill. kr. Dette er ein stor reduksjon på 48 mill. kr frå 2019 då vi hadde eit driftsresultat på 75 mill. kr på området. Rekneskapsreglane etter IFRS seier at det er fakturert nettleige som skal inntektsførast og ikkje den årlege inntekta NVE fastset at nettselskap kan krevje inn frå sine kundar. Spesielle forhold gjer at det er ei nettinntekt på 26 mill. kr som normalt ville vore fakturert i 1. halvår som først vil bli fakturert i 2. halvår og styrke resultatet for dette halvåret tilsvarande. Nettariffane er redusert med 5,8% samanlikna med 1. halvår 2019. Dette gjev lågare nettleige for kundane, men reduserer også SFE Nett sine inntekter tilsvarande. Driftsresultatet målt etter NGAAP-reglane er 35 mill. kr som er 1 mill. kr svakare enn i 1. halvår i fjor.

Generalforsamlinga i SFE gjorde 26. juni 2017 vedtak om utsteding av teikningsrettar til eksisterande aksjonærar. Teikningsrettane kunne nyttast fram til 14 dagar etter ordinær generalforsamling i SFE i 2020. Innan tidsfristen vart 61,5% av teikningsrettane nytta. Det er såleis 38,5% av teikningsrettane som ikkje vart nytta og selskapet har derfor ingen uteståande teikningsrettar idag.

I juli inngjekk Tafjord Kraft, Tussa Kraft og SFE avtale om å slå saman dei tre konserna sine respektive kraftsalsselskap til ei ny felles satsing for å legge til rette for god kundeservice, konkurransedyktige prisar og auka lønsemd. SFE vil få 32,5% eigarskap i det nye selskapet. Konkurransetilsynet har gjeve si godkjenning til samanslåinga som vil bli gjennomført i 2. halvår 2020.

Både Østerbø kraftverk i Høyanger kommune, Jølstra kraftverk i Sunnfjord kommune og Lutelandet vindkraftverk i Fjaler kommune er under bygging. Østerbø kraftverk vil starte produksjonen hausten 2020 og ha ein total produksjonskapasitet på 165 GWh. SFE eig 58% av prosjektet og BKK dei resterande 42%. Jølstra kraftverk vil få ein netto produksjonskapasitet på 207 GWh. Forventa produksjonsstart er hausten 2021. SFE eig 50% av Jølstra Kraft DA som er eigar av kraftverket. BKK AS eig dei resterande 50%. Installert effekt på Lutelandet vindkraftverk er 51 MW og berekna årleg produksjon er 150 GWh fordelt på ni vindturbinar kvar på 5,7 MW. Produksjonsstart er hausten 2021.

HMS

SFE har eit sjukefråvær på 3,3 % pr. 01.07.2020. Dette er litt høgare enn 1. halvår i fjor då sjukefråværet var 3,0%. Arbeidsmiljøkartlegging stadfestar at vi har høg grad av trivsel, at arbeidsmiljøet blir oppfatta som godt, og at arbeidsoppgåvene er både utviklande og engasjerande.

HMS-visjonen til SFE er «Like heil – både inni og utanpå». Hovudfokuset vårt er leiing og åtferd for å oppnå langsiktige resultat. Kvar tilsett gjev eit bidrag for å sikre ein trygg kvardag ved sin åtferd og handling. Leiarane må vise veg ved å vere tydelege på kor vi skal og gjere det vi seier.

SFE følgj målsettinga til bransjen, med 15% årleg reduksjon i skadetal. Skadetalet er lågt og fråværsdagar knytt til skadar har ein vesentleg nedgong dei siste åra. HMS er eit langsiktig arbeid som kontinuerleg skjer i lina og gjennom HMS-prosjektet «Like Heil». For H2 (antal skadar med og utan fråvær siste 12 mnd pr 1 mill arbeidde timar) er måltalet 4,8, medan faktisk skadetal siste 12 månadar er 4,9. I første halvår 2020 har vi ei skade utan fråvær, og ein skade med fråvær, tilsvarande ein H2 verdi på 10,3.

Resultatrekneskap og kontantstraum

SFE hadde i 1. halvår driftsinntekter på 595 (928) mill. kr. Driftsresultatet vart 175 (412) mill. kr. Urealisert gevinst på finansielle kraftkontrakter på 94 mill. kr utgjør ein vesentleg del av driftsresultatet. Resultatet før skatt er 175 (404) mill. kr. Salsgevinst og urealisert verdiendring på aksjepostar gjer at finansinntekter og finanskostnader er like store. Netto finanskostnader var 8 mill. kr første halvår 2019. Resultatet etter skatt er på 140 (276) mill. kr. Det er i 1. halvår belasta 34 (75) mill. kr i overskotsskatt og 0,5 (53) mill. kr i grunnrenteskatt. Det er dei svært låge kraftprisane som er grunnen til den store reduksjonen i grunnrenteskatt.

Driftsaktivitetar viser ein kontantstraum på minus 58 (+94) mill. kr. Ein hovudgrunn for dette er betalte skattar 1. halvår på 195 mill. kr. gjeldande for 2019. Godt resultat og høge kraftprisar i 2019 gav både høg overskotsskatt og grunnrenteskatt som er betalt 1. halvår i år. Det er investert 298 (315) mill. kr i fysiske driftsmiddel i 1. halvår. 216 mill. kr av dette er investeringar i kraftproduksjon der bygging av Østerbø og Jølstra kraftverk står for mesteparten av investeringa. Investering nettanlegg 1. halvår er på 70 mill. kr. SFE har dei siste åra investert årleg ca. 150-200 mill. kr i forsterking og utviding av linenettet for å sikre leveringstryggleik og nettilgong til ny kraftproduksjon.

Balanse

SFE sin totalbalanse 30.06.20 er på 8.441 mill. kr. Konsernet har omlaupsmidlar på 859 mill. kr og 7.582 mill. kr i anleggsmidlar.

Renteberande gjeld er 3.125 mill. kr, ein auke på 353 mill. kr frå 2.772 mill. kr for eit år sidan. Samstundes har konsernet ei likviditetsbeholdning i form av bankinnskott på 501 mill. kr.

Eigenkapitalen pr 30.06.20 er 3.176 mill. kr, det tilsvarer ein bokført eigenkapitaldel på 37,6%.

Framtidsutsikter

SFE reknar med å produsere vesentleg meir enn middelproduksjonen på 1.931 GWh på årsbasis. Utvikling i kraftpris vil ha mykje å bety for resultatet i 2. halvår. Den finansielle marknaden tilseier ein pris for 2. halvår om lag på nivå med 1. halvår. Mellom anna på grunn av urealisert gevinst på finansielle kraftkontrakter på 94 mill. kr i første halvår ventar SFE eit svakare resultat for 2. halvår. Som ei følgje av dei låge kraftprisane ventar vi eit resultat for 2020 som er vesentleg lågare enn for 2019.

Styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Ålfoten, 25. august 2020

Per Atle Kjøllesdal
-styreleiar-

Jannicke Hilland
-nestleiar-

Arvid Lillehaug
-styremedlem-

Olin Johanne Henden
-styremedlem-

Arvid Andenæs
-styremedlem-

Jan Helge Dale
-styremedlem-

Erling Austreim
-styremedlem-

Kjell Asle Bakkebø
-styremedlem-

Kevin Skinlo-Denton
-styremedlem-

Johannes Rauboti
-konsernsjef-



RESULTATREKNESKAP

(Beløp i 1000 kr)	1.halvår 2020	1.halvår 2019	Årsrekneskap 2019
Sal av kraft	359 612	674 929	1 209 312
Sal av overføringstenester	169 337	208 024	367 140
Andre driftsinntekter	66 173	45 515	108 936
SUM DRIFTSINNTEKTER	595 121	928 468	1 685 389
Kjøp av kraft	69 492	211 692	424 623
Kjøp av overføringstenester	31 901	32 711	65 428
Løn og sosiale kostnader	118 409	116 205	198 116
Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	-31 015	-36 528	-63 505
Avskrivningar	84 152	73 438	150 062
Nedskrivningar	20 000	1 930	1 639
Eigedomsskatt/avgifter	37 395	26 479	67 998
Andre driftskostnader	89 850	90 873	172 605
SUM DRIFTSKOSTNADER	420 184	516 799	1 016 965
DRIFTSRESULTAT	174 938	411 669	668 423
Resultat frå investering i tilknytt selskap	3 528	6 422	12 069
Finansinntekter	38 630	27 448	67 461
Finanskostnader	42 082	41 678	127 116
NETTO FINANSKOSTNADER	-76	7 808	47 585
RESULTAT FØR SKATT	175 013	403 862	620 838
Overskotsskatt	34 365	74 897	99 835
Grunnrenteskatt	477	53 291	87 584
RESULTAT ETTER SKATT	140 171	275 674	433 419
Av dette minoritetsandel	26 146	43 692	51 683
Av dette SFE sin andel	114 025	231 982	381 737

UTVIDA RESULTAT

Ordinært resultat etter skatt	140 171	275 674	433 419
Postar som seinare kan klassifiserast til resultat:			
Kontantstraumsikring rentebytteavtaler etter skatt	0	1 163	0
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter etter skatt	-36 120	17 398	10 739
Kontantstraumsikring valutalån etter skatt	-29 627	0	4 561
Postar som seinare ikkje kan reklassifiserast over resultat:			
Estimatavvik pensjoner etter skatt	-35 460	0	-7 037
Sum innrekna inntekter og kostnader for perioden	38 965	294 235	441 682
Av dette minoritetsandel	25 132	44 699	52 632
Av dette SFE sin andel	13 833	249 535	389 050



BALANSE

(Beløp i 1000 kr)

EIGEDLAR	30.06.20	30.06.19	31.12.19
Fallrett	1 944 739	1 951 215	1 944 240
Øvrige immaterielle egedelar	717 900	722 070	720 327
Varige driftsmiddel	4 517 806	3 917 791	4 284 418
Anleggsmiddel holdt for sal	0	14 596	14 596
Investering i tilknyttta selskap	195 914	208 410	192 386
Øvrige finansielle anleggsmiddel	159 646	190 848	179 462
Derivat	45 746	14 584	11 160
Anleggsmiddel	7 581 750	7 019 514	7 346 589
Varelager	35 534	43 236	37 424
Fordringar	237 999	257 473	220 257
Derivat	85 532	22 203	28 723
Kontanter og bankinnskot	500 578	657 740	619 899
Omløpsmiddel	859 642	980 653	906 303
SUM EIGEDLAR	8 441 392	8 000 167	8 252 892
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital	1 014 691	1 014 691	1 014 691
Opptent eigenkapital	1 444 513	1 305 992	1 430 680
Minoritetsinteressar	717 063	739 346	691 931
Eigenkapital	3 176 266	3 060 030	3 137 302
Pensjonsforplikting	118 977	103 956	70 627
Utsett skatt	833 233	877 343	859 929
Andre forpliktingar	768 722	644 392	730 569
Rentebærande langsiktig gjeld	3 097 390	2 590 204	2 870 277
Derivat	59 579	23 334	30 158
Langsiktig gjeld	4 877 901	4 239 229	4 561 561
Rentebærande kortsiktig gjeld	27 238	182 238	27 238
Rentebærande kortsiktig ansvarleg lån	0	1 165	0
Avsett utbytte	0	100 010	0
Betalbar skatt	37 780	130 494	202 534
Anna rentefri gjeld	300 259	286 415	319 309
Derivat	21 948	586	4 949
Kortsiktig gjeld	387 225	700 908	554 030
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	8 441 392	8 000 167	8 252 892

ENDRINGAR I EIGENKAPITAL

(Beløp i 1000 kr)	Innskoten eigenkapital	Anna eigenkapital	Kontant- straum- sikring	Sum opptent eigenkapital	Minoritets- interesser	Sum eigen- kapital
EIGENKAPITAL 01.01.2019	1 014 691	1 186 356	-30 061	1 156 293	747 758	2 918 742
Resultat 30.06.		231 982		231 982	43 692	275 674
Utbetalt utbytte for 2018		-100 010		-100 010	-53 111	-153 121
Implementering IFRS 16		174		174		174
Kontantstraumsikring rentebytteavtaler			1 163	1 163		1 163
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			16 390	16 390	1 008	17 398
EIGENKAPITAL 30.06.2019	1 014 691	1 312 449	-6 455	1 305 992	739 346	3 060 030
Årets resultat		381 736		381 736	51 683	433 419
Utbetalt utbytte for 2018		-100 010		-100 010	-79 511	-179 521
Implementering IFRS 16		207		207		207
Estimatavvik pensjoner		-7 037		-7 037		-7 037
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			9 790	9 790	949	10 739
Kontantstraumsikring valutalån			4 561	4 561		4 561
Avgang minoritet		-14 860		-14 860	-28 948	-43 808
EIGENKAPITAL 31.12.2019	1 014 691	1 446 392	-15 710	1 430 680	691 931	3 137 302
Resultat 30.06.		114 025		114 025	26 146	140 171
Estimatavvik pensjoner		-35 460		-35 460		-35 460
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			-35 106	-35 106	-1 014	-36 120
Kontantstraumsikring valutalån			-29 627	-29 627		-29 627
EIGENKAPITAL 30.06.2020	1 014 691	1 524 957	-80 443	1 444 513	717 063	3 176 266



KONTANTSTRAUMANALYSE

(Beløp i 1000 kr)

30.06.2020 30.06.2019 31.12.2019

Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar:

Ordinært resultat før skattekostnad	175 013	403 861	620 838
Betalte skattar i perioden	-194 998	-271 306	-263 384
Avskrivingar	84 152	73 438	150 062
Nedskrivingar	20 000	1 930	1 639
Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel og aksjar	-24 679	-17 346	-17 228
Kostnad(+)/Inntekt (-) frå invest i tilknytta selskap utan kontanteffekt	-3 528	-6 422	-12 070
Urealisert verdiendring aksjepostar utan kontanteffekt	-9 384	-4 833	15 577
Urealisert verdiendring derivat og elsertifikat	-95 485	-88 452	-86 826
Endring varelager	10 173	21 712	24 251
Endring i kundefordringar	35 616	-18 489	38 030
Endring i leverandørgjeld	-35 807	35 545	42 537
Endring i pensjonsforpliktingar	140	0	-43 329
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-19 501	-35 205	8 611
NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR	-58 288	94 433	478 709

Kontantstraum frå investeringsaktivitetar:

Utbetalningar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-297 590	-314 792	-623 475
Innbetalningar ved sal av varige driftsmiddel	24 953	0	0
Innbetaling ved sal av aksjar og andelar i andre foretak	25 010	17 346	18 004
Utbetalningar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	0	-20 594	-63 680
NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR	-247 627	-318 040	-669 151

Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar:

Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	200 000	550 000	851 071
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-13 619	-95 000	-263 619
Utbetaling ved reduksjon av kortsiktig gjeld	0	0	-75 835
Innbetaling av utbytte	210	2 020	810
Utbetaling av utbytte	0	-53 111	-179 521
NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR	186 591	403 909	332 906

Netto endring i kontantar og ekvivalentar	-119 323	180 302	142 464
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	619 902	477 437	477 347
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 30.06/31.12	500 579	657 740	619 902



Notar til halvårsrekneskapen 30.06.2020

Rammeverk og vesentlege rekneskapsprinsipp

Konsernrekneskapen for Sogn og Fjordane Energi AS for 1.halvår 2020 er avslutta pr. 30.06.2020 og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) slik dei er godkjende av EU. Konsernrekneskapen omfattar Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) med datterselskap og tilknytte selskap. Halvårsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med IAS 34 om delårsrapportering og vart vedteke i selskapet sitt styre 25.august 2020. Revisor har gjennomført forenkla revisorkontroll av halvårsrekneskapen.

Selskapet er notert på Oslo Børs med obligasjonslån.

Delårsrekneskapen gir ikkje informasjon i same omfang som årsrekneskapen og må derfor sjåast i samanheng med konsernet sitt årsrekneskap for 2019.

Note 2 Segmentinformasjon

Segmentrekneskapen vert avlagt etter IFRS 8. Konsernet rapporterer driftssegment i samsvar med korleis konsernleiinga tek avgjerder, føl opp og evaluerer desse avgjerdene.

Driftsresultatet i dei operative segmenta vert jamleg rapportert til konsernleiinga.

Konsernet si verksemd er organisert i ulike segment som eigne økonomiske einingar. Internt i konsernet rapporterer ein både på segment, underkonsern og på selskap.

Segmentet Energi omfattar selskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Bremangerlandet Vindpark AS, Lutelandet Energipark AS og SFE Kraft AS. Svelgen Kraft Holding AS er eigd med 56% av SFE Produksjon og inngår som ein del av SFE-konsernet. Svelgen Kraft Holding AS eig 100% av aksjane i Svelgen Kraft AS.

Segmenta er:

Energi omfattar forvalting av konsernet sin samla produksjonsportefølje frå heileigde og deleigde kraftverk med fysisk og finansiell krafthandel. Segmentet omfattar også sal av kraft til sluttbrukar og forvalting av større sluttbrukarar sitt kraftbehov samt mindre mengder kjøp og sal av kraft engros gjennom bilaterale avtaler. I tillegg har vi noko tradingverksemd innanfor definerte rammer, samt sal av opphavsgarantiar og elsertifikat.

Nettverksemda si hovudverksemd er overføring og distribusjon av elkraft. Selskapet driv elles utleige av fiber og noko entreprenørarbeid.

Tenesteyting er selskapet Sogn og Fjordane Energi AS saman med dei heileigde datterselskapa Trolleskjæret Næringsbygg AS og Flikk AS. Sogn og Fjordane Energi AS er morselskapet i konsernet og yter hovudsakleg tenester internt i konsernet.

Segmentresultat 30.06.2020

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Sum konsern
Driftsinntekter	433	199	47	-84	595
Driftsresultat	137	27	11	0	175
Resultat etter skatt	92	15	33	0	140

Eigedelar og gjeld pr. segment 30.06.2020

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Sum konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	5 081	1 968	131	7 180
Øvrige anleggsmiddel	202	125	75	402
Anleggsmiddel	5 283	2 093	206	7 582
Omløpsmiddel	361	143	356	860
Sum eigedelar	5 644	2 236	562	8 441
Eigenkapital	2 013	815	349	3 177
Langsiktig gjeld	3 534	1 304	40	4 878
Kortsiktig gjeld	97	117	173	387
Sum gjeld og eigenkapital	5 644	2 236	562	8 441

Segmentresultat 30.06.2019

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Sum konsern
Driftsinntekter	725	242	34	-73	928
Driftsresultat	344	75	-7	0	412
Resultat etter skatt	246	69	-40	0	275

Eigedelar og gjeld pr. segment 30.06.2019

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Sum konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	4 661	1 807	122	6 591
Anleggsmiddel holdt for sal	0	0	15	15
Øvrige anleggsmiddel	170	140	104	414
Anleggsmiddel	4 831	1 948	241	7 020
Omløpsmiddel	380	132	469	981
Sum eigedelar	5 211	2 080	710	8 000
Eigenkapital	1 820	744	496	3 060
Langsiktig gjeld	2 932	1 253	55	4 239
Kortsiktig gjeld	459	83	159	701
Sum gjeld og eigenkapital	5 211	2 080	710	8 000

Segmentresultat 2019

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Sum konsern
Driftsinntekter	1 363	440	70	-188	1 685
Driftsresultat	556	119	-7	0	668
Resultat etter skatt	349	79	5	0	433

Eigedelar og gjeld pr. segment 2019

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Sum konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	4 904	1 918	127	6 949
Anleggsmiddel holdt for sal	0	0	15	15
Øvrige anleggsmiddel	189	91	103	383
Anleggsmiddel	5 093	2 009	245	7 347
Omløpsmiddel	375	95	436	906
Sum eigedelar	5 468	2 104	681	8 253
Eigenkapital	2 034	553	550	3 137
Langsiktig gjeld	3 080	1 482	0	4 562
Kortsiktig gjeld	354	69	131	554
Sum gjeld og eigenkapital	5 468	2 104	681	8 253

Note 3 Spesifikasjon av urealiserte verdiendringar

Tabellen under spesifiserar korleis urealiserte verdiendringar påverkar konsernet sitt resultat og utvida resultat.

Resultateffekt av urealiserte verdiendringar	30.06.2020			30.06.2019			2019		
	Urealisert	Realisert	SUM	Urealisert	Realisert	SUM	Urealisert	Realisert	SUM
Kraftkontrakter sikringsformål	82	11	94	46	54	100	27	68	95
Kraftkontrakter trading	-11	1	-10	-4	4	-1	-3	6	3
Valutakontrakter sikringsformål	0	-7	-7	0	0	0	0	-3	-3
Energisal	0	283	283	0	576	576	0	1 114	1 114
Sum inntekter frå energisal	71	289	360	42	633	675	24	1 185	1 209
Sum finansinntekter	10	32	42	1	32	34	4	63	67
Sum finanskostnader	0	-42	-42	0	-42	-42	-11	-117	-127
Effekt av urealiserte verdiendringar i resultat før skatt	81			43			17		
Skatteeffekt av urealiserte verdiendringar	-18			-9			-4		
Effekt av urealiserte verdiendringar i resultat etter skatt	63			34			14		
Andre inntekter og kostnader som inngår i utvida resultat (etter skatt)									
Kontantstraumsikring renteswap	0			1			0		
Kontantstraumsikring valutaterminar	-36			17			11		
Kontantstraumsikring EUR-lån	-30			0			5		
Andre inntekter og kostnader som inngår i utvida resultat etter skatt	-66			19			15		

Finansielle kraftkontrakter er rekneskapsført til verkeleg verdi. Valutaterminkontrakter som sikrar valutakursen på kraftinntekter i EUR blir sikringsbokført som kontantstraumsikring.

SFE nyttar også lån i EUR som sikringsinstrument i kontantstraumsikring av kraftinntekter i EUR. Renteswappar blir også nytta som sikringsinstrument som blir sikringsbokført. Vi har både renteswappar som blir sikringsbokført som verdisikring og som kontantstraumsikring.

Note 4 Aktivitet i SFE-papir i første halvår 2020

Nye sertifikat-/obligasjonslån som er utstedt i perioden:

Børsticker (Oslo Børs)	ISIN	Utstedt	Forfall	Pålydande (MNOK)
SFEN49 G	NO0010849979	16.06.20	24.04.24	200

Dette er utviding av eksisterande obligasjonslån. Utvidinga er registrert på midlertidig ISIN NO0010886021.

Konsernet har i juni 2020 forlenga løpetida på trekkrett på 500 MNOK med 1 år slik at endeleg forfallsdato no er 03.07.2023.

Note 5 Risikoforhold

SFE er utsett for ei mengde ulike risiki gjennom si verksemd. Dette gjeld både finansielle og operasjonelle risiki. Døme på operasjonelle risiki er skade på eigedelar som kraftverk og nettanlegg. Det er etablert forsikringsordningar som dekker skade på eigedelar, tappt produksjon og skade på liv og eigedom i samband med t.d. brann, flaum eller oversvømmelsar etter dambrot. Når det gjeld finansielle risiki som endringar i kraftpris, valutakursar og renter er det etablert strategiar for å kontrollere desse risikiforholda.

Koronapandemien

Etter utbrotet av Covid-19 har SFE sett i verk ei rekke tiltak for å oppretthalde leveringstryggleiken. SFE føl retningslinjene frå Folkehelseinstituttet og dei råda som myndigheitene til ei kvar tid gir. I samsvar med gjeldande beredskapsplanar er det sett i verk tiltak for å skjerme våre tilsette slik at risikoen for smitte vert redusert, med anna med bruk av heimekontor og oppdeling av kritisk viktig personell i mindre driftseiningar. Tiltaka har så langt berre hatt mindre konsekvensar for SFE sin aktivitet, mellom anna knytt til rehabilitering- og investeringsprosjekt.

2020 har vore eit ekstremår i dei fleste bransjar, også innan kraftproduksjon. Ekstreme snømengder på seinvinteren auka den hydrologiske balansen i Norge og Sverige frå å vere rundt normalen ved Nyttår, til nærare +30 TWh primo april. På toppen av dette kom koronapandemien, noko som har redusert etterspurnaden etter kraft i Europa og Norden og dermed bidrege til det store hydrologiske overskotet. Rekordsterk hydrologisk balanse, kombinert med sein vårmelting og ein relativt våt sommar, har gitt spotprisar i juni og juli, i gjennomsnitt, på 1,5 øre/kWh i Sør-Norge (NO5,NO1 og NO2) og 3,0-3,2 øre i Midt- og Nord-Norge (NO3 og NO4).

Status medio august 2020 er +15 TWh i hydrologisk balanse i Norden (mesteparten i Norge) samt redusert kraftforbruk i Europa ifbm korona. Konsekvensen av dette er låge forventningar til spotprisar komande 6 månadar (sannynlegvis mellom 10-20 øre/kWh). I bremselmarknaden er det rikeleg tilbod av kol, olje og gass, noko som held prisane i sjakk, men samstundes har vi fått eit skikkeleg løft i CO2-kvoteprisane i Europa på forventningar til «Green Deal» i EU. Dermed har ikkje dei lengre terminkontraktene falle so mykje.

For ytterlegare informasjon om risikoforhold SFE er utsett for viser vi til notane i årsrekneskapen for 2019.

Note 6 Pensjonskostnader- og forpliktingar

SFE sine pensjonsplanar omfattar både ytelsesplan og innskotsplanar. Ytelsesplan i sikra ordning SFE og datterselskapa har to parallelle pensjonsordningar som oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon og samsvarande tariffesta AFP-ordningar.

SFE og datterselskapa har ei offentlig, kollektiv pensjonsordning i BKK pensjonskasse som er lukka. Pensjonsordninga er ei bruttoordning tilsvarande offentlege ordningar. Den gir dei tilsette ei bestemt framtidig pensjonsyting basert på talet på år med opptening og lønsnivået ved pensjonsalder. Ytelsesplanen omfattar alders-, uføre-, etterlatte og barnepensjon.

Følgande føresetnader er brukte i berekningane	30.06.20	31.12.19
Årleg avkasting	1,50%	2,30%
Diskonteringsrente	1,50%	2,30%
Årleg lønnsvekst	2,00%	2,50%
Årleg vekst G-beløp	1,75%	2,25%
Regulering av løpande pensjonar	1,00%	1,50%
AFP-uttak	25% ved 62 år	25% ved 62 år
Demografiske føresetnader ved dødelighet og uførhet	K2013BE/K63	K2013BE/K63

For ytterlegare informasjon om pensjonskostnad- og forplikting for SFE viser vi til note 14 Pensjon i årsrekneskapen for 2019.

Note 7 Driftsinntekter

30.06.20 (Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Sum
Sal av kraft engros	305	0	0	-4	301
Sal av kraft sluttbruk	59	1	0	0	60
Sal av overføringstenester	0	176	0	-8	168
Andre driftsinntekter	69	22	47	-72	66
Sum driftsinntekter	433	199	47	-84	595

30.06.19 (Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Sum
Sal av kraft engros	496	0	0	-18	478
Sal av kraft sluttbruk	197	5	0	0	202
Sal av overføringstenester	0	216	0	-13	203
Andre driftsinntekter	32	21	34	-42	45
Sum driftsinntekter	725	242	34	-73	928

Note 8 Anna informasjon

Opsjon Østerbø kraftverk:

SFE Produksjon AS har inngått avtale med BKK AS om utbygging og drift av Østerbø Kraftverk. SFE skal eie 58% av kraftverket og BKK 42%. Våren 2017 starta ein på bygginga av kraftverket som skal stå ferdig i løpet av 2020. Kraftverket vil levere ein årleg middelproduksjon på 165 GWh.

Fram til utbygginga er gjennomført og inntil 6 månader etter overlevering av kraftverket til driftsorganisasjonen, har BKK ein rett til å tre ut av samarbeidsprosjektet ved at SFE overtek BKK sin 42% eigardel med alle tilhøyrande rettar og plikter. Som følge av denne salsopsjonen har SFE 30.06.2020 balanseført 100% av utbyggingskostnaden knytt til Østerbø kraftverk som anlegg i arbeid og balanseført ei forplikting for forventta vederlag til BKK om dei vel å nytte sin salsopsjon, jmf. note 27 Avsetningar for forpliktingar i årsrekneskapet for 2019.

Vedtak om omklassifisering av nett:

Olje- og Energidepartementet (OED) vedtok 29. juni at nettanlegg som SFE har søkt omklassifisert frå transmisjonsnett til distribusjonsnett ikkje lenger skal vere klassifisert som transmisjonsnett frå 01.01.2020. Omklassifiseringa gjer at SFE kan eie og drive dette nettet vidare.

Felles satsing innan straumsal:

I juli inngjekk Tafjord Kraft, Tussa Kraft og SFE avtale om å slå saman dei tre konserna sine respektive kraftsalsselskap til eit nytt felles selskap. SFE vil få 32,5% eigarskap i det nye selskapet. Konkurransetilsynet har gjeve si godkjenning til samanslåinga.

Erklæring frå styret og konsernsjef

Styret og konsernsjef har i dag handsama rekneskapet for 1. halvår 2020 for Sogn og Fjordane Energi AS, konsern.

Vi erklærer etter vår beste overtyding at:

- konsernrekneskapen pr. 30.06.2020 er utarbeida i samsvar med IAS 34 – Delårsrapportering og er utarbeidd etter internasjonale rekneskaps-prinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) fastsett av EU, med krav til tilleggsopplysningar som følgjer av rekneskapslova, samt at
- rekneskapsopplysningane gjer ein rettvisande og heilskapleg oversikt av selskapet og konsernet sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling samt at
- rekneskapen for 1. halvår 2020 gir ein rettvisande oversikt over
 - utviklinga og resultatet til konsernet samt dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar konsernet er eksponert for

Ålfoten 25.08.2020

Per Atle Kjøllesdal
- styreleiar -

Jannicke Hilland
- nestleiar -

Arvid Andenæs

Jan Helge Dale

Arvid Lillehauge

Olin Johanne Henden

Erling Austreim

Kevin Skinlo-Denton

Kjell Asle Bakkebø

Johannes Rauboti
- konsernsjef -

Til styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Uttalelse om forenklet revisorkontroll av delårsregnskap

Innledning

Vi har foretatt en forenklet revisorkontroll av vedlagte konsoliderte balanse for Sogn og Fjordane Energi AS pr. 30. juni 2020 og tilhørende resultatregnskap og oppstilling over endringer i egenkapital og kontantstrømoppstilling for seks månedersperioden som ble avsluttet på denne dato, samt en beskrivelse av regnskapsprinsipper og tilhørende noter. Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen og fremstillingen av delårsregnskapet i samsvar med IAS 34. Vår oppgave er å avgir en uttalelse om delårsregnskapet basert på vår forenklede revisorkontroll.

Omfanget av den forenklede revisorkontrollen

Vi har utført vår forenklede revisorkontroll i samsvar med ISRE 2410 *Forenklet revisorkontroll av et delårsregnskap, utført av foretakets valgte revisor*. En forenklet revisorkontroll av et delårsregnskap består i å rette forespørsler, primært til personer med ansvar for økonomi og regnskap, og å gjennomføre analytiske og andre kontrollhandlinger. En forenklet revisorkontroll har et betydelig mindre omfang enn en revisjon utført i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene (International Standards on Auditing), og gjør oss følgelig ikke i stand til å oppnå sikkerhet for at vi er blitt oppmerksomme på alle vesentlige forhold som kunne ha blitt avdekket i en revisjon. Vi avgir derfor ikke revisjonsberetning.

Konklusjon

Vi har ved vår forenklede revisorkontroll ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at det vedlagte delårsregnskapet i det alt vesentlige ikke er utarbeidet i samsvar med IAS 34.

Sandane, 25. august 2020
ERNST & YOUNG AS

Uttalelsen er signert elektronisk

Finn Espen Sellæg
statsautorisert revisor